



Adu-Ingeniør Atle D Utkilen
Postboks 75 Fønnes Senter
5953 FØNNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/83 - 19/7682

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.03.2019

Ferdigstilling av godkjend tiltak - gbnr 24/74 Fammestad

Vi viser til tidlegare dialog vedkomande status i godkjend byggjesak på gbnr 24/74 Fammestad, og melding frå Snowdon Henry i februar 2019 om at slamtømming kan utgå då det er montert Biovac reinseanlegg på eignedomen.

Det vart godkjend oppført tilbygg til bustad og etablering av avløpsanlegg på eignedomen i 2011, jf. arkivsak 10/768. Det vart gitt rammeløyve i vedtak datert 05.05.2011, utsleppsløyve i vedtak datert 26.07.2011 og igangsetjingsløyve for heile tiltaket med unnatak av tømrararbeidet i vedtak datert 26.07.2011.

ADU-Ingeniør Atle D. Utkilen er ansvarleg søkjar og Wenche Irene Solberg Henry er tiltakshavar. Tiltaket er ikkje dokumentert ferdigstilt.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest som vert skrive ut av plan- og bygningsstyresmaktene når det ligg føre nødvendig sluttdokumentasjon om ferdigstilling frå ansvarleg søkjar. Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyvet og bestemmelsar i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Vi forstår at avløpsanlegget er ferdigstilt. Vi gjer merksam på at ingen delar av det godkjende tiltaket kan takast i bruk før det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Teknisk drift

Wenche Irene Solberg Henry

Reikeråsvegen 74 5913

EIKANGERVÅG

Mottakrar:

Adu-Ingeniør Atle D Utkilen

Postboks 75 5953
Fonnes Senter

FONNES